

MØTEBOK

| | |
|---------------|---------------------------|
| Organ: | Sogndal ungdomsråd |
| Stad: | Sogndal |
| Dato: | 20.04.2021 |
| Tid: | 16:30 - 19:30 |

**Til stades med møte- og
talerett:**

Leiar Kornelius Haugen, Nestleiar Idunn Auestad, Ariana Fjærestad, Olav Åm Risa, Synne Sellereite Målsnes, Isabelle Norstein Prince, Emma Valvik Yttri, Emma Steinsland Hamre, Ingrid Hovlid, Maylinn Flikki, Olivia Ugulsvik, Trygve Grønsberg.

Sekretariat for møtet:

Maria Kalstad Brun

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Ungdomsrådet valde møteleiar Kornelius Haugen og Isabell Norstein Prince til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Sak 3/21
Skriv, meldingar, orienteringar og drøftingsaker i ungdomsrådet 2021

A. Skriv og meldingar

- a.** Fylkeskommunen har sett av kr. 1 million for 2021 som kan nyttast til å forbetre reisetilbodet for ungdom til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveld. Vi inviterer kommunane og ungdomsråda til å utforme lokale skyssopplegg, og søkje om midlar. Her må rådet komme med konkrete opplegg som skal skrivast inn i søknaden.
- i.** Ungdomsleiar Maria Kalstad Brun informerte om kva søknaden må innehalde. Samt at ho veit at kommunen har samla alle LTU-midlande frå gamle kommunen til eit fond. Og vil gjerne undersøke kor mykje som står der før ein bestem seg for å søke LTU-midlar for 2021. Ungdomsrådet har to tilbod dei ynskjer for ungdommar i 2021. «heim for ein 50 lapp, eller «hent meg», ei avtale med taxiane for alle ungdommar i kommunen. Og ei ordning der ungdomsavdelinga kan nytte deler av LTU midlane for transport av ungdom i ferieaktivitetane. Ungdomsleiar undersøker og gir svar på facebookgruppa for rask avklaring angående fond. Ungdomsleiar foreslår 50 000kr skal gå til transport til ferieaktivitetar.

B. Orienteringar.

- a.** Fylkesting for ungdom, leiar og nestleiar orienterer om samlinga.
- i.** Denne saka gikk ut grunna tid, og prioritering av saker. Informasjon om fylkestinget kjem på neste møte.
- b.** Kommunestyrerepresentant, komitè for levekår, Gabriell Skjulhaug Yttri orienterer og informerer om politiske prosessar og politiske begrep. Og gir eit lite kurs i korleis ungdomsrådet kan arbeide for å fremje sakene sine betre.
- i.** Ein god gjennomgang frå kommunestyrerepresentanten med rom for spørsmål frå representantane. Gabriell henviste og til rettleiar for ungdomsråd som representantane og ungdomsrådsekretær kan nytte i arbeidet sitt i ungdomsrådet. Linken til rettleiaren står under.
- ii.** https://www.bufdir.no/Familie/Tilbud_til_barn_og_unge/Veileder_for_ungdomsrad/

- c. Ung data undersøkinga, førebels resultat. Ungdomsleiar, Maria Kalstad informerer. Denne orienteringa gikk ut grunna tid. Blir tatt opp att ved neste møte.

C. Drøftningsaker

- a. Film av møteplassar for ungdom. Ina og Tuva frå arbeidsgruppa syner fram utkastet og ber om innspel frå ungdomsrådet. Ungdomsrådet fekk sjå utkast av filmen og kom med konkrete kommentarar til endringar og tilleggsinformasjon dei vil ha i filmen.

Frå Kaupanger: Ungdommane får ikkje bruke loftet utan vaksne, har ikkje blitt brukt på over eit år, det må komme fram i filmen. Få inn fleire intervju frå Kaupanger.

Frå Leikanger: Ynskjer film frå musikkbrakka og intervju. Representantane frå Leikanger tar ansvar for å sende inn intervju til filmgruppa.

Generell tilbakemelding på filmen: Lage betre overgangar som er meir spennande. Få inn kva ungdom saknar av tilbod, eller korleis ein gjere det andre plassar. Og gjerne meir intervju frå Sogndal. Ungdomsrådleiar Kornelius avtalar tid for intervju i Sogndal, samt intervju frå ungdomsleiar i kommunen.

- b. Drøfte den nye samfunnsplanen for Sogndal Kommune. Lage høyringsutspel og sende inn frå ungdomsrådet.
 - i. Kommunestyrerepresentanten kom med forslag til å lage eit fråsegn som kan sendast til komitè for levkår og andre komitèar som kan vera aktuelle for sakene ungdomsrådet ynskjer å formidla, komitè for levkår har møte 27.april.
 - ii. Det kom og spørsmål om kva slags konkrete saker ungdomsrådet ynskjer å løfte fram.
 - iii. Rådet syns det er komme tydeleg fram i planen at det er behov for ungdomsmøteplassar, men spørsmål til kven som skal drive/drifte det ifht til ressursar av ungdomsarbeidere i kommunen.
 - iv. Rådet etterlyser og satsing på kreativ og kunstnerisk kulturmøteplassar og aktivitetar i samfunnsplanen. Det kjem lite fram i området «best på oppvekst». Dette meiner rådet bør komme tydligare fram i planen.
 - v. Viktigaste saker for ungdomsrådet angående samfunnsplanen er følgjande: Ungdomshus/møteplassar, helsetilbod, transport, kreativ og kunstnerisk kultursatsing(musikk, kunst og teater)
 - vi. Sekretær for ungdomsrådet ynskjer at alle rådsmedlemmane skriv eit avsnitt med kommentarar til samfunnsplanen innan 4.mai, slik at sekretær kan utforme eit høyringssvar til samfunnsplanen.

- i. Ungdomsrådet foresler at sekretær for ungdomsrådet lagar eit utkast til høyringsvar til samfunnsplan. Og får tilbakemeldingar frå rådet. Sekretær for ungdomsrådet opplyser og om temamøte for «best på oppvekst» som skal vere 27.april, og ber medlemmar i rådet om å møte opp der.

- c. Drøfte innspel til økonomiplanen ifht fleirbrukshallen.
 - i. Ungdomsrådet ynskjer gjerne å få gitt eit høyringsvar på økonomiplanen på fleire ting som opptek ungdommar. Det er usikkerheit i kva ungdomsrådet ynskjer å løfte mest. Men fleirbrukshallen som er tenkt er høgt på lista. Det vart drøfta om rådet skulle sende eit brev til komitè for levekår på dette. Etter mykje fram og tilbake, enda rådet med å lage eit høyringssvar til økonomiplanen med sine punkt. Leiar ynskjer å ha ein runde på skulane for å informere og orientere ungdommar om prosessen og få tilbakemeldingar før høyringsvaret blir sendt. Sekretær for ungdomsrådet lagar utkast til høyringsvar når dette er blitt gjort av ungdomsrådet.

- d. Drøfte ungdomslokaler for ungdommar i Leikanger.
 - i. Ungdomshuset Leikvang
 - ii. Saften, og det nye ungdomsrommet

- e. Korleis skal ungdomsrådet gå fram for å fremje sine innspel til samfunnsplanen og økonomiplanen. Rådet bør lage ein detaljert plan for kven som gjere kva og når. Kommunestyrerepresentant kom med gode forslag til ungdomsrådet. Det er ein del saker som står fyrst på agendaen og rådet treng å avgjere saker raskt i denne perioden. Men ynskjer å legge ein betre detaljert plan og struktur i rådet for kommande saker. Ungdomsrådet tar opp igjen denne drøftinga i neste møte.

D. Innkomne spørsmål frå representantane

Vedtak:

B. Skriv og meldingar

- a.** Fylkeskommunen har sett av kr. 1 million for 2021 som kan nyttast til å forbetre reisetilbodet for ungdom til/frå fritidsaktivitetar på ettermiddag og kveld. Vi inviterer kommunane og ungdomsråda til å utforme lokale skyssopplegg, og søkje om midlar. Her må rådet komme med konkrete opplegg som skal skrivast inn i søknaden.

- i.** Ungdomsleiar Maria Kalstad Brun har undersøkt midlar som står på fond hos kommunen. Og det står 250000kr på fond til bruk av lokaltransport for ungdom. Dette betyr at ungdomsrådet og kommunen ikkje treng å søkje om midlar for LTU i 2021. Men vil bruke opp dette fondet fyrst. Tilbodet om taxiordning blir ordna med avtale mellom ungdomsavdeling og taxisentralane og vil

vera oppdatert med ny info innan mai 2021. Ungdomsleiar vil presentere ordninga på neste ungdomsrådmøte.

- ii. Ungdomsrådet var einstemmig i forslaget frå ungdomsleiar om å nytte eksisterande midlar, samt at 50 000kr kan gå til transport i ferieaktivitetane ungdomsavdelinga arrangerer.

C. Orienteringar.

- a. Fylkesting for ungdom, leiar og nestleiar orienterer om samlinga.
- b. Kommunestyrerepresentant, komitè for levekår, Gabriell Skjulhaug Yttri orienterer og informerer om politiske prosessar og politiske begrep. Og gir eit lite kurs i korleis ungdomsrådet kan arbeide for å fremje sakene sine betre.
- c. Ung data undersøkinga, førebels resultat. Ungdomsleiar, Maria Kalstad informerer.

D. Drøftingsaker

- a. Film av møteplassar for ungdom. Ina og Tuva frå arbeidsgruppa syner fram utkastet og ber om innspel frå ungdomsrådet.
 - i. Ungdomsrådet er samd om prosessen vidare med filmen og tar ansvar for film-materialet som vart avtalt i drøftinga av saka.
- b. Drøfte den nye samfunnsplanen for Sogndal Kommune. Lage høyringsutspel og sende inn frå ungdomsrådet.
 - i. Rådet ynskjer eit utkast til høyringsvar frå sekretær for ungdomsrådet. Og tar invitasjonen til temakvelden om samfunnsplanen til etterretning.
- c. Drøfte innspel til økonomiplanen ifht fleirbrukshallen.
 - i. Ungdomsrådet vil gjennomføre skuleturnè og innhente ynskjer og kommentarar frå ungdommar før det blir sendt høyringsvar til økonomiplanen.
- d. Drøfte ungdomslokaler for ungdommar i Leikanger.
 - i. Ungdomshuset Leikvang og Saften, og det nye ungdomsrommet.
 - ii. Ungdomsrådet fekk ikkje drøfte dette då representantane frå Leikanger måtte gå før møte vart avslutta grunna transport heim. Sekretær for ungdomsrådet vil ta kontakt med representantane frå Leikanger for å informere og få innspel til prosessen vidare.
- e. Korleis skal ungdomsrådet gå fram for å fremje sine innspel til samfunnsplanen og økonomiplanen. Rådet bør lage ein detaljert plan for kven som gjere kva og når.

- i. Ungdomsrådet fekk ikkje avklart ferdig denne saka og blir tatt opp igjen til neste møte.

E. Innkomne spørsmål frå representantane